



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Evalueringsrapport: Ekstremvêret Synne 5-6 desember 2015

Store delar av Rogaland blei ramma av ekstremvêr desse to døgna. Verst ramma var kommunane Eigersund, Lund og Bjerkreim der Bjerkreims vassdraget og Hellelandsvassdraget hadde rekordmålingar. Vegar var stengde i over 1 døgn, mellom anna E-39 mellom Bjerkreim og Eigersund. Jernbanen var stengd i 10 døgn pga. undergraving av fundamenta ved Launes bru. Denne rapporten tek for seg kva som skjedde, og kva vi kan lære av våre erfaringar frå ekstremvêret Synne.

11.3.2016

Innleiing

Fylkesmannen tok 9. desember 2015 initiativ til å evaluere ekstremvêret Synne. Vi sendte ut brev vedlagt evalueringsskjema til alle kommunane i fylket og til dei etatane som var mest involverte i ekstremvêret.

Evalueringsrapporten er laga ut frå tilbakemeldingar frå rapportar og ut frå det som kom fram under evalueringsmøte vi hadde med alle involverte 12. februar 2016.

I tillegg har vi brukt ekstremvêrrapporten frå Meteorologisk institutt (frå 21.12.2015), og Fylkesmannen si eiga interne oppsummering, som grunnlag for rapporten.

Ut frå erfaring med slike varsla lågtrykk gikk Fylkesmannen breitt ut med varslingane både frå Meteorologiske institutt og frå NVE. I motsetning til ekstremvêret Nina, ramma Synne tilnærma slik som varsla jf. evalueringsrapporten frå Meteorologisk Institutt. Men det var fleire kommunar som fikk flaumvarsel på rødt nivå utan at det fikk alvorlege konsekvensar.

Menneske og miljø

Om lag 100 privathus eller kommunale bustader måtte evakuerast langs Lundeåne i Egersund sentrum. Det blei ikkje meldt om kritiske situasjonar av den grunn. Nokre måtte rett nok evakuerast fleire gonger då dei ikkje skjøna Alvoret i situasjonen. Det oppstod og kritiske situasjonar i Egersund sentrum då folk ikkje respekterte sperringar og oppheldt seg på bruer eller andre stader som kunne vere farlege på grunn av flaumvatnet. Eigersund kommune etablerte ekstra vakthald ved hjelp av Røde kors seniorgruppe og dei fekk etter kvart kontroll over situasjonen saman med politiet og sivilforsvaret.

Det er registret store mengder plast i naturen både langs Bjerkreimsvassdraget og Hellelandsvassdraget. Denne plasten kjem vesentleg frå plastpakka "forballar" som vart teken av flaumvatnet og ført nedover elvene der dei blei rivne sundt.

I Sauda kommune blei FV 520 stengt fredag 4.12 pga. stor vassføring og fare for steinsprang ved Svandalsfossen. Da luftambulansse ikkje kunne fly til Sauda på grunn av dårleg sikt, valde kommunen å rekvirere ein ambulanssebåt til Sauda så lenge veggen var stengt.

I Gjesdal kommune var Øvre Frafjord isolert ein periode 5.12.2015 pga. ras på FV 281 og kommunen hadde spesiell merksemd om kartlegging av behov for kommunale tenester og generell informasjon til bebuarane på baksida av raset.

Straum og telekommunikasjon

På det meste var om lag 400 husstandar utan mobiltelefoni i Dalane distriktet. Vesentlig på grunn av bortfall av straum. Dalane energi hadde ein periode 6 nettstasjonar ute. Ein flaumutsett basestasjon på Helleland var ute ein lengre periode fordi ein ikkje kom til med reparasjon eller batteriskifte på grunn av flaumvatn. Det var og kortare lokale utfall av straum andre stader i fylket.

Samferdsel

E-39 mellom Sandnes og Egersund var stengd på 3 forskjellige stader i om lag 1 døgn frå søndag morgon til måndag morgon. FV 44 var stengd ved Tengs bru i om lag 1 døgn. Fleire mindre vegar blei stengde i periodar på grunn av utvasking av vegbane, stein og jordras, eller at bruer var truga av flaumvatn.

Jernbanen blei stengd mellom Nærbø og Egersund 6. desember kl. 06:00 på grunn av at Launes bru heldt på å bryta saman av trykket frå høgt flaumvatn under brua. Jernbanestrekninga blei opna igjen 16. desember etter eit omfattande reparasjonsarbeid av Launes bru.

Fergeforbindelsen mellom Rennesøy og Bokn, som normalt går mellom Arsvågen og Mortavika på E-39, blei forsinka fordi fergeleie på Mekjarvik måtte nyttast i staden for Mortavika.

Kritiske samfunnsfunksjonar - Anna

Rådhusa til både Bjerkreim og Lund kommune fikk vatn inn i bygga. Kriseleiinga til Bjerkreim måtte etablere seg i eit alternativt bygg søndag 6.12. Rådhuset til Eigersund var og truga og kommunen valde å flytta kriseleiinga til alternativ stad allereie laurdag 5.12. Det kom likevel ikkje vatn inn i bygget. I Lund ligg lensmannskontoret i første et. i rådhuset som fikk inn vatn.

I Bjerkreim og Lund kommune vart fleire bedrifter råka av flaumvatn som stansa produksjonen i lengre tid og førte til store økonomiske tap. Det var mellom anna NorDan fabrikk på Moi i Lund kommune. Dei er ein stor produsent av dører og vindauge med ca. 400 tilsette. På Moi blei både brannstasjon og sivilforsvarslager sett under vatn. Elles var det lagerbygg, forretningar, gardsbruk, mindre bruer og forskjellige småvegar som blei skada av flaumvatn i kommunane Eigersund, Lund og Bjerkreim.

I resten av fylket var skadane relativt små.

Innsats frå Sivilforsvaret, Forsvaret og Røde kors

Sivilforsvaret hadde totalt 13 tilsette og 140 tenestepiktige i innsats. Samla timetal var 1944. Dei støtta evakueringa i Eigersund, utførte transportoppdrag, varsla bebuarar, bygde flaumvern med sandsekker, fjernet vatn, utførte vakthold, trafikkdirigering, levering av medisiner og spyling av fjøs. Røde kors hadde totalt 223 aktive tenestetimar fordelt på 15 personer. Dei støtta kommunen og politiet i evakueringsarbeid, vakthald rydding av flaumutsett områder og mykje anna førefallande arbeid. Heimevernet kalla inn 25 mannskaper. 20 mannskaper møtte og 16 vart sette i aktiv teneste i regi av politiet.

1. Varsling

Vi viser til ekstremvêrrapporten frå Meteorologisk institutt for detaljar om varslinga. Fylkesmannen sendte alle varsla frå Meteorologiske og NVE vidare til kommunane og andre dei andre etatar på vår varslingsliste. Fylkesmannen i Rogaland prøver i slike situasjonar å adressere særskilt dei kommunar eller andre aktørar som ein meiner blir hardast råka. Vi legg på tilleggs kommentarar der vi meiner at det er nødvendig på grunnlag av den erfaring vi har med ulike typar ekstremvêr.

Her er utklipp frå varsel vidaresendt frå Met. 4.12.15 kl. 11.39 til kommunar og andre aktørar.

«frontsystemet er ventet å treffe Rogaland og Agder natt til lørdag. Lavtrykket har en stor og åpen varmesektor, som vil dirigere varm og fuktig luft med mye nedbør inn til berørte områder helt fram til søndag morgen.»

I alt 159 aktørar blei varsla på e-post og SMS.

Under viser neste melding frå Met. og NVE som blei vidaresendt av Fylkesmannen til dei same 159 aktørane. Slik blei alle etterfølgjande meldingar frå Met. og frå NVE handtert.

Klokka 12.52 (Send frå CIM)

Varsel om ekstremværet 'Synne', samt varsel om flom, jord- og flomskredfare (oransje nivå)

Meteorologisk institutt har sendt ut varsel om ekstremværet «Synne» i Rogaland. I tillegg har NVE sendt ut oppdatert flomvarsel (oransje nivå) for hele fylket. I tillegg har NVE også oppdatert varselet om jord-, sørpe og flomskredfare (oransje nivå) for kommunane **Gjesdal, Forsand, Hjelmeland, Sauda og Suldal**. Mer informasjon om de ulike varslene, se nedenfor.

1. Varsel om ekstreme værforhold under ekstremværet `Synne` (Rogaland og Agder)

Lørdag og natt til søndag ventes ekstreme nedbørmengder i Rogaland og i Agder. Det er ventet 100-150 mm/30 timer, og **lokalt i indre strøk kan det komme 150-200 mm/30t.....**

2. Varsel om flom på grunn av mye regn, oransje nivå, for Rogaland og Vest-Agder, samt deler av Hordaland og Aust-Agder,

Lørdag ventes mildt vær og mye nedbør som regn. Nedbøren vil komme som regn også i fjellet. **Det er allerede høy vannføring i de fleste vassdragene i området, og mer regn vil føre til raskt økende vannføring. Flom på oransje nivå i mange vassdrag kan ventes.....**

3. Varsel om jord-, sørpe- og flomskredfare, oransje nivå, grunnet mye regn og snøsmelting for kommunene Gjesdal, Forsand, Hjelmeland, Sauda og Suldal

Det ventes mye regn under 1400 moh. Grunnvannstanden og vannmetningsgraden i bakken er høy. Det ventes mye vind, noe som fører til stor snøsmelting. Bratte skråninger, samt bekker og elveløp med stor vannføring er spesielt utsatt. Fare for utløsning av sørpeskred gjelder kun i områder med mer enn 50 cm snø. Sørpeskred kan løses ut i slake hellinger der vann samles opp. Skredene kanaliseres ofte ned forsenkninger og bekkeløp og kan da utvikle seg til flomskred. Rensing av dreneringsveier og stikkrenner anbefales. For mer info: <http://varsom.no/Jordskred/?date=05.12.2015>

Fylkesmannens vurdering

Varsellet om ekstremvær krever særskilt oppmerksomhet og oppfølging. **Fylkesmannen ber derfor kommunene gjøre nødvendige forebyggende tiltak og vurdere forsterket beredskap i helgen. Vi ber også kommunene om å følge med på oppdateringer på met.no og varsom.no.** Dersom situasjonen utvikler seg vil Fylkesmannen informere om dette. Vi ber også kommunene rapportere om større uønskede hendinger som skjer på grunn av ekstremværet. Rapportene sendes til fmroberedskap@fylkesmannen.no

FYLKESMANNEN BER OM KVITTERING FOR MOTTATT VARSEL. Kvitteringer sendes til fmro@cim-products.no

Den 5.12.2015 heva NVE varslingsnivået for flaum til rødt nivå for 8 kommunar i Rogaland. Det er den mest alvorlege flaumvarslinga vi har hatt i Rogaland dei siste 20 åra. Under er eit bilete tatt frå www.varsom.no som viser varslinga.

Publisert: 05.12.2015 kl 14:31 Neste oppdatering for: 05.12.2015 kl 15:30

<< 04.12.2015 05.12.2015 06.12.2015 >>

Flomvarslar fylke	Lø	Sø	Ma
Rogaland	4	4	3
Region	Lø	Sø	Ma
➤ Bjerkreim	4	4	3
➤ Eigersund	4	4	3
➤ Forsand	4	4	3
➤ Gjesdal	4	4	3
➤ Hjelmeland	4	4	3
➤ Hå	3	2	1
➤ Klepp	3	2	1
➤ Lund	4	4	3
➤ Sandnes	3	2	1
➤ Sauda	3	3	1
➤ Sokndal	4	4	3
➤ Strand	4	4	3
➤ Suldal	3	3	1
➤ Time	3	2	1
➤ Tysvær	3	3	1
➤ Vindafjord	3	3	1

Det nye flaumvarselet kom til Fylkesmannen 5.12.2015 kl. 12.05 og blei sendt vidare til kommunar og eit utval regionale etatar kl. 12.16 og 12.31.

Eigersund kommune varsla innbyggjarane ved hjelp av SMS og talemelding. På kommunens nettstad blei det og varsla om evakuering frå bustadane langs Lundeåne som renn gjennom Eigersund sentrum. Også andre kommunar varsla via eigen nettstad og på Facebook.

2. Førebuande tiltak

Vi sit igjen med inntrykk av at mange kommunar og andre involverte aktørar gjorde gode førebuande tiltak. Det er skilnad på kva tiltak som blei sett i gang. Det generelle for kommunane var at det var sett i gang reinsking av slukar, renner og grøfter.

Kraftselskapa, politidistrikta, vegvesenet, sivilforsvaret og Telenor gikk gjennom sine beredskapsplanar og vurderte sin eigen ressursituasjon. NVE region sør var og tidleg på banen for rådgeving til kommunane. Politidistrikta styrka bemanninga på sine operasjonssentralar og fleire var på vakt enn vanleg. Det same gjaldt Statens vegvesen som hadde auka byggherreberedskap for dei entreprenørane som held vegane ved like, medan deler av krisestaben var i observasjonsfase.

I nokre kommunar var kriseleiing etablert allereie fredag kveld. Dette var stort sett i dei kommunane som til vanleg er utsette for flaum ved ekstrem nedbør.

- Vegvesenet sa at dei kanskje kunne etablert stab tidlegare, og at dei neste gong ville ha planane for omkøyring framme slik at ein raskare kunne setja i verk stenging når dette blei nødvendig.
- Vegvesenet ville at Fylkesmannen kunne vore tydelegare på å sei frå når dei hadde sett stab.
- Vegvesenet etterspurde og bruk av informasjonsnettverket som er etablert i regi av Fylkesmannen i Rogaland.
- Politiet forstod ikkje konsekvensane av ekstremvêret som blei meldt. Dei ber om støtte for å kunne tolke konsekvensar av slike vêrmeldingar på ein betre måte.

Fylkesmannens generelle inntrykk er at beredskapsnivået i kommunar og etatar blei heva ved at fleire personar enn vanlig vart kalla ut på jobb. I tillegg vart fleire varsla og var klar til innsats dersom behovet skulle oppstå.

Fylkesmannen var i kontakt med begge politidistrikta (nå Sør-Vest politidistrikt), Statens vegvesen, Kraftforsyninga (ved KDS) samt IVAR (Interkommunalt selskap for vann, avløp og renovasjon) fredag og laurdag 4-5. desember for å diskutere det varsla ekstremvêret og kva planar dei enkelte hadde for å auke beredskapen. Det var også kontakt med Sivilforsvaret, Rogaland røde kors og Heimevernet (daghavande offiser). I tillegg var Fylkesmannen i kontakt med dei kommunane som var forventa å få størst problem med ekstremvêret.

Hos Fylkesmannen blei beredskapen auka frå fredag ettermiddag den 4. desember. Det var to personar på jobb i Statens Hus både fredag kveld og frå laurdag morgon til søndag kveld. Dei hadde som hovudoppgåve å skaffe seg oversikt over situasjon, halde kontakt med kommunar, politiet og dei etatane som blei ramma samt lage situasjonsrapportar. I tillegg valde vi å sende vi to personar til Eigersund laurdag ettermiddag. Dei var ikkje tilbake før søndag kveld. Då hadde dei og vore innom Bjerkreim kommune på heimvegen. Dei vart send til Eigersund på oppmoding frå kommunen og fordi vi såg eigenytte av å vere fysisk til stades i den regionen som vart mest ramma.

Kommunikasjonssjef og embetsleiinga satt ikkje i Statens Hus men hadde tett kontakt med dei som var på jobb gjennom heile hendinga. Kommunikasjonssjef la ut ny informasjon på nettstad og facebook gjennom heile helga.

Resten av kriseleiinga fekk kopi av situasjonsrapportane til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). Slik kunne dei følgje situasjonen og vere oppdaterte dersom det blei nødvendig å styrke bemanninga hos Fylkesmannen.

3. Planar og kriseorganisasjon

Alle kommunar i Rogaland har ekstremvêr og flaum i sine ROS analyser. Tiltaka i beredskapsplanane om dette temaet er noko varierende. Hos mange er tiltaka for lite konkrete. Eigersund kommune har hatt problem med flaum i mange år. Deira planverk er konkret på tiltak. Dette viste seg å vera til stor nytte då flaumen råka kommunen 5-6. desember. Stab vart sett tidleg, og førebuande tiltak sett i verk. Mange kommunar har rapportert om konkret bruk av planverk, særleg i den førebuande fasen før ekstremveret råka. Dei viser og til god intern dialog både på førehand og under ekstremvêret mellom beredskapskoordinator, rådmann og heile eller delar av kriseleiinga i kommunen.

21 av 26 kommunar rapporterte tilbake til Fylkesmannen på tilsendt evalueringsskjema. Dei som ikkje rapporterte var ikkje ramma av ekstremvêret.

Rogaland sivilforsvarsdistrikt, Rogaland røde kors, Agder og Rogaland heimevernsdistrikt HV- 08, Jernbaneverket, Eigersund, Sauda, Stavanger, Time, Hå, Forsand og Gjesdal kommune har spesifikt sagt i sine evalueringar at planverket var i bruk før eller under ekstremvêret.

4. Samhandling og koordinering

Hovudintrykket er at samordning og koordinering mellom fagetatar, kommunar og Fylkesmannen var god. Fylkesmannen følgde utviklinga ved sin tilpassa stab. I tillegg blei to personer frå fylkesmannens beredskapslag sendt til Eigersund kommune sin krisestab laurdag 5.12. etter spørsmål frå kommunen.

Fylkesmannen fekk statusrapportar frå Statens Vegvesen, Politiet, Dalane Energi, Lyse Energi, Telenor, Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og Sivilforsvaret gjennom helga. Vi hadde samstundes kontakt med kommunane. I starten ganske mange men etter kvart dei som vi såg blei mest ramma. Eit av læringspunkta våre er at vi vil bruke telefonmøter i vår kontakt med kommunar og viktige regionale aktørar ved ei liknande hending i framtida.

Vi registrerte at det var særleg god kontakt og samordning mellom Eigersund kommune og dei mest relevante aktørane lokalt. Årsaka til dette var nok at Eigersund kommune tidleg etablerte si kriseleiing. Som ein del av krisehandteringa brukte dei ressursoversikten i eigen kriseplan og inviterte inn kontaktpersonar og ressursstøtte frå Dalane Energi, politiet, Sivilforsvaret, Heimevernet, NVE, Røde Kors og ein ekstern fagperson som kunne mykje om dei flaumutsette vassdraga. I tillegg hadde, som før sagt, Fylkesmannen to personar til stades frå laurdag til søndag.

Av aktuelle aktørar som ikkje var der, var Statens Vegvesen og Jernbaneverket.

Statens Vegvesen vil ved neste høve vurdere om dei skal senda kontaktpersonar til dei mest utsette kommunane. I det minste vil dei ha større fokus på tidleg kontakt med dei kommunane som blir ramma for å informere og avklare korleis problem med vegnettet skal løysast. Slik vi forstår hadde Jernbaneverket tilpassa krisestab på plass frå søndag 6.12. Dei meiner at samhandling og koordinering med Eigersund kommune og firmaet som skulle reparere brua fungerte godt.

5. Kommunikasjon

Eigersund kommune var aktive på sine heimesider og la ut det dei hadde av viktig informasjon til innbyggjarane svært raskt. Dei var og aktive på sosiale media. Fleire andre kommunar var og flinke til det. Særleg nokre av dei mindre kommunane, som til dømes Forsand kommune. Dei har god erfaring med bruk av sosiale media for å varsle innbyggjarar tidleg om stengte vegar, flaum eller liknande. Politiet var og, som vanleg, aktive på sosiale media. Statens vegvesen la ut informasjon på fleire plattformer men den viktigaste var nok Vegtrafikksentralen (VTS)

Fylkesmannen la ut informasjon på sin nettstad og Facebook både 4, 5. og 6 desember.

6. Prioritering av tenester

Statens Vegvesen skriv at dei kanskje kunne vore litt raskare på stader der vegar måtte stengast på grunn av ras, flaum eller der bruer var truga av flaumen som oppstod.

7. Halde oppe normal tenesteproduksjon?

Tilbakemeldingar syner at både etatar og kommunar stort sett var i stand til å oppretthalde sine tenestar til innbyggjarane. I nokre kommunar blei heimtenesta redusert for nokre av innbygarane utan at de oppstod kritiske situasjonar.

Etter at det gjekk eit ras i Gjesdal kommune vart aktuelle bebuarar kontakta med tanke på heimtenesta og elles vurderingar om korleis ein kunne kome til unnsetning dersom noko skulle skje innanfor raset.

I Sauda sytte kommunen for at det vart etablert ambulanseneste med båt då vegen inn til Sauda blei stengt ved Svandalsfossen fordi det var dårleg sikt og fare for steinsprang under fossen.

Mobilsambandet i på Helleland i Eigersund var nede eller hadde redusert kapasitet ein periode og nokre innbyggjarar var utan straum, men ikkje over lengre tid. Det fekk ikkje konsekvensar for liv eller helse.

Politiet melder at dei måtte prioritere hardare på vanlege oppdrag, men at dei greidde å oppretthalde ein akseptabel tenesteproduksjon.

8. Konsekvensar av hendinga?

Vegar blei stengde, mellom anna E-39 mellom Bjerkreim og Helleland i Eigersund, mellom Suldal og Røldal og tidvis vegen frå Haugesund inn til Sauda. Mindre vegar blei og stengde.

Jernbanesporet mellom Egersund og Nærbø blei stengt frå 6. til 16. desember på grunn av reparasjon av Launes bru nord for Egersund.

Statens vegvesen opplyser at kostnader til utbetring av vegar kosta ca. 9 millionar kroner.

Bedrifta NorDan i Lund kommune blei stengd i fleire veker og varer og maskiner vart øydelagt.

Også fleire andre bedrifter blei råka av flom som førte til øydelegging av varelager og produksjonsmaskiner.

Gardsbruk og privathus fekk store flomskader. Nokre få dyr mista livet (kalvar og lam)

Fôr i rundballar gjekk tapt og førte og til større skader og omfattande forsøpling langs vassdraga. Men det er heldigvis ikkje meldt om skader på personar.

9. Oppsummering og læring

- a) **Fylkesmannens beredskapsorganisasjon** vil gi tydelegare informasjon til kommunar og relevante regionale etatar når vi set stab eller delar av vår beredskapsorganisering. Vi vil jobbe meir med å skape eit betre felles situasjonsbilete gjennom bruk av telefonmøter både med dei regionale beredskapsaktørane og med kommunane. Dette vil bli tilpassa situasjonen.
- b) **Politiets Operasjonssentral.** I samband ekstremvêr vil Fylkesmannen rå politiet å etablere ekstra stabstøtte til operasjonssentralen. Dette for å ha resursar og kompetanse til å finne ut kva slags konsekvensar vêret kan føre til for eigen verksemd så tidleg som mogleg. I tillegg vil slik stabstøtte tilføre operasjonssentralen ressursar for å kunne holde betre kontakt mot kommunar, Fylkesmann, regionale beredskapsaktørar og eventuelle liasonar som politiet har i kommunar etc. både før og under hendinga. Erfaringa frå både dette og tidlegare ekstremvêr viser at dette er sårbart. Det det kan i periodar vere vanskeleg å kome fram til operasjonssentralen og det er ikkje alltid dei som tek telefonen kjenner problemstillinga frå før.

- c) **Statens vegvesen.** Fylkesmannen støttar Statens Vegvesen si eigenevaluering. Vegvesenet bør vurdere å etablere kriseleiing enda tidlegare ved slike hendingar og fokusere på tidlig og god kontakt med dei kommunane som vart mest ramma. Det er viktig at omkjøringsplanar blir kommunisert med kommunane så tidleg som mogleg.
- Det må ikkje oppstå uvisse om kven som avgjerd om vegar eller bruer skal vere stengd. I så måte er det viktig at det er tett og god dialog mellom politiet og Statens Vegvesen. I samband med ekstremvêret Synne kom det fram at kommunikasjonen om kva vegar og bruer som var stengd og når dei kunne opnast igjen ikkje var god nok.
- d) **Kommunane.** Mange kommunar har meldt at dei sette stab tidleg og at dei fylgde situasjonen nøye frå fredag 4.12 til søndag 6.12. Ymse tiltak, nokre er omtala i rapporten, vart sett i verk. I det mest ramma området (Dalane) gjorde kommunane ulike vurderingar i forhold til etablering av kommunen si kriseleiing. Eigersund satt kriseleiing tidleg, Bjerkreim seint medan Lund aldri gjorde det. Både Bjerkreim og Lund har i sine egne evalueringar kome fram til dei burde forstått alvoret i situasjon og satt kriseleiing på eit tidlegare tidspunkt. Fylkesmannen støtter kommunane i dette. Når slike omfattande hendingar finn stad vil det ha innverknad på heile det kommunale tenestetilbodet og tryggleiken til dei som oppheld seg i kommunen. For å skaffe seg eit heilskapleg bilete over situasjonen og prioritere korleis kommunen skal prioritere egne ressursar, og vurdere behov frå eksterne ressursar og gi informasjon til innbyggjarane er det nødvendig å samla dei som har ansvar og oversikt over ulike fagområde i ein kriseleiing under leiing av rådmannen og med ordførar tett på.
- e) **Sivilforsvaret og Røde kors.** Aktørane var tidleg ute med intern varsling og varsla tidleg ytterlegare innsatsstyrkar for framtidig innsats. Den interne varslinga var god. Begge hadde meir ressursar å setje inn ved behov. Det var i hovudsak berre ein kommune (delvis to) som etterspurte hjelp. Sidan både Sivilforsvaret og Røde kors hadde representantar til stade i kriseleiinga til Eigersund var samarbeidet veldig godt både mot kommune og politiet i den kommunen. Begge organisasjonane gjorde gode erfaringar som må vidareførast. Fylkesmannen meiner fleire kommunar burde etablert kontakt med dei og fått tilgang til deira ressursar.
- f) **Jernbaneverket.** Jernbaneverket gjorde ein god jobb når dei etablerte stab. Vi meiner likevel at det burde vore tidlegare og tettare kontakt mellom Jernbaneverket og Eigersund kommune om faren som oppsto når Bjerkreimsvassdraget begynte å undergrave Launes bru.
- g) **Heimevernet.** Kommunane må kjenne til HV-sjefens plass i kommunens kriseleiing, og vite kva støtte HV kan gi. Lokal varsling er viktig for førebuingar, men «anmodning om bistand» må formelt gå gjennom Politiet. Politiet må ha kjennskap til at oppmoding om bistand skal gå gjennom politiet sjølv om det ikkje er politiet som trenger bistand.

10. Avslutning

Det er viktig å hugse på at mange kommunar og regionale beredskapsaktørar gjorde ein stor innsats under Synne. Erfaringa er at det i hovudsak er eit godt samarbeid på tvers mellom «beredskapsfamilien» i Rogaland der både offentlege, frivillige og private aktørar deltar. Det er ikkje alltid krisehandteringa blir gjort i samsvar med det som er planlagt på førehand, men det er god evne til improvisasjon og oppgåveløysing. Men det er likevel viktig å lære av dei erfaringane som både Synne og tidlegare ekstremvêr har gitt oss. Den viktigaste erfaringa er å være tidleg ute med førebuande tiltak og generelt ha låg terskel for å etablere heile eller deler av kriseleiinga i eigen organisasjon

Fylkesmannen takker alle som har sendt inn evalueringsrapport, og dei som deltok på evalueringsmøte i Statens Hus 12. februar 2016, for kommentarar og innspel til denne rapporten.